


NOTAT

| | | |
|---|-------------------------------|----------------------------------|
| Prosjekt Haugbukta reguleringsplan - VTS | Prosjektleder Marita Sørbø | Dato 29.01.2021 |
| Prosjektnummer 10222131 | Utarbeidet av Marita Sørbø | Kontrollert av Kjetil Follesø |
| Kunde Haugbukta AS | | |

Vurdering av støyrefleksjon frå nytt bygg, Haugbukta, Sykkylven

Innleiing

Sweco Norge AS er engasjert av Haugbukta AS for å vurdere refleksjonsstøy mot bustadar i Strandgata som følgje av nytt bygg planlagt i Haugbukta i Sykkylven sentrum. Spørsmål om refleksjonsstøy har kome som merknad til 1. gongs høyring og offentleg ettersyn av foreslått detaljregulering¹ for Haugbukta.



Figur 1. Situasjonsplan (motteke jan 2021).

¹ 15282019002 Sykkylven, Haugsbukta, detaljregulering

Føresetnader

Refleksjonen frå nytt bygg mot eksisterande bustadar er berekna iht. Nordisk beregningsmetode for vegtrafikkstøy med programvare CadnaA versjon 2021 MR 1. Det er nytta same trafikktalet og kartgrunnlag som i original støyrapport² for detaljreguleringa utarbeidd av Nordplan AS.

Regelverk


Tilrådde grenseverdiar for støy er gjeve i Miljødirektoratet si *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*, T-1442. Dei generelle støykrava er skildra i støyrapporten til planen.

For vurdering av refleksjonar gjeld tilrådinga i T-1442 om at kommunane, så langt det er mogleg, ikkje bør tillata ny støyande verksemd som medfører at eksisterande bygningar vert utsett for støynivå som overskrider tilråda grenseverdiar. Det same gjeld endringar eller utvidingar som aukar støynivå merkbar (> 3 dB).

Det nye bygget er ikkje ei ny støyande verksemd, men bygget kan gje refleksjonar av støy frå eksisterande veg mellom nytt bygg og eksisterande bygg og avbøtande tiltak må vurderast om refleksjonen gjev merkbar (>3 dB) auke i støynivå ved fasade til eksisterande bustadar.


Resultat frå berekningar

Utsnitt frå 3D berekningsmodell er vist i Figur 2. Nytt bygg er lagt inn som enkelt 3D-volum/boks og berekningspunktane ved eksisterande bygg er vist med kulepunkt. Støyrefleksjonar frå bygg kan justerast i berekningsmodellen og det er først rekna utan refleksjon og deretter med refleksjon. Berekna nivå utan og med refleksjon er vist i høvesvis Figur 3 og Figur 4.




Figur 2. Utsnitt frå 3D berekningsmodell i CadnaA.

² Støyrapport – Haugbukta, Støylvurdering til detaljreguleringsplan Haugbukta, Versjon 2, 15.5.2020, revidert 5.10.20, Nordplan AS.



Figur 3. Støynivå ved fasade, 2. etg, uten refleksjon fra nytt bygg (mørk rosa farge på veg indikerer fartsgrense 70 km/t, rosa farge indikerer fartsgrense 60 km/t).



Figur 4. Støynivå ved fasade, 2. etg, med refleksjon fra nytt bygg.

Konklusjon

Nytt bygg kan gje støyrefleksjonar til eksisterande bustadar i Strandgata 20-22, men auken i støynivå er i størrelsesorden 0,3-0,5 dB og vil ikkje vera merkbar (> 3 dB) og utløyser dermed ikkje noko krav om avbøtande tiltak mot refleksjonar.